



Dag Hermansen syner fram teiknebordet hans med teikning på.


Teikningar, skisser, kunstplakatar, modellar, foto, måleri og kolteikningar er noko av det vi finn i samlinga etter Tor H. Myklebust. Pr. definisjon vert dette kalla eit privatarkiv, arkiv det ikkje er avleveringsplikt på og som eigar kan disponera som ein ynskjer. Mange privatarkiv frå lag, organisasjonar, verksemdar og næring er kasta eller komen på avvegar. Ikkje på Neset. Her er alt lagra og Dag Hermansen (Tor var onkel til Dag) finn fram, registrerer og gjer alt han kan for å sikra ein unik skatt for etterkomarane.

Eit innlegg på Uskedalen.no om arkitektteikna hus har skapt merksemd og redaksjonen har motteke meldingar med utfyllande informasjon om arbeidet til Tor H. Myklebust. Uskedalen.no vert invitert til Neset og Dag tek oss med på ein gjennomgang i teiknearkivet. Alt anna av arkivmateriale må venta til eit anna innlegg.

Av originaleikningar på hus, hytter og interiør finn vi:

1. Arne Haugse - hus 1956
2. Lars Myhre - hus 1959
3. Lagshytta Fjelly - interiør 1960
4. Arne M. Myklebust - garasje 1973
5. Presten Sellevold - hytte, Rosendal 1960
6. Kjell Yri - hus 1963
7. Edvard Trampe Kindt - hytte på Holmen 1955
8. Ivar Hermansen - hytte 1961 (Ivar Hermansen var svoger til Tor, gift med syster hans, Kari)
9. Alf Eidsvik - hus i Skårhaug, 1959
10. Sigurd Wang - interiør hus på Lislrud
11. Einar Myklebust - tilbygg til hytte/naust på Stølavikjo (Vart ikkje bygd slik teikninga syner)
12. Trygve A. Haugland - kårhus på Haugland
13. Kåre T. Rød - hus 1964
14. Eilef Arnesen - tilbygg hus i Bergen. Kona Reidun kjem frå Holmen.
15. Sigvald Hauge - hus 1967
16. Olav Myklebust - hus på Malkenes, Tysnes 1961
17. Eva og Otto Myklebust - hus på Skjold i Bergen. Innflytta august 1967

Vi har alt skrive om huset til Liv og Norvald Kolltveit i Skårhaug (1957), likens teikningane til huset Maria og Olaf Agnar Gausvik fekk bygd i Korsneset. Det var Tor som også teikna hytta til Kolltveit ved Mannsvatnet (1952).



Teikning til Inger Lise og Alf Eidsvik sitt hus i Skårhaug.

Ei rekkje teikningar gjeld prosjekt i Bergen,- hus, hytter, påbygg, trappehus m.m. Skal ein finna meir ut om dei, må ein inn i eigedomsarkivet på Bergen Byarkiv.



Teikning som syner huset til Johanna og Kjell Yri i Geilo.

Tor H. Myklebust (f. 1923 - d. 2015) var utdanna kunsthandverker frå Norsk Kunsthandverkskule, Voss, og på

kunstskeule i Oslo. Arbeidet hans i Bergen er omtalt i Bergen Byleksikon og i ei rekkje publikasjonar.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kristian Bringedal/Britt Tove Mussland



Hytta til Koltveit ved Mannsvatnet er ei av mange hytter Tor teikna.